Møtereferat
Tverrkommunal politisk styringsgruppe
Kommunestruktur Herøy, Sande og Ulstein

Tid: Torsdag 10.09.26, kl. 08.30–11.00
Stad: Skaparhuset, Ulsteinvik

Til stades
Herøy kommune: Ann-Kathrin (Tine) Storøy, Karl-Oskar Sævik, Trond Arne Rossi Aglen, Silje Scheide Mork (kommunikasjonsrådgjevar)
Sande kommune: Dag Vaagen, Einar Arne Ekroll, Renathe Rossi Aglen, Amanda Holstad Ramstad (kommunikasjonsrådgjevar)
Ulstein kommune: Stian Skorgen Scheide, Jarl Martin Møller, Erling Olav Storegjerde (kommunikasjonsrådgjevar)

Tillitsvalde og hovudverneombod:
Herøy: Eli Karin Kvalsund (Fagforbundet)
Sande: Solveig Hagen Sandvik (Fagforbundet)
Ulstein: Anja Elise Ertesvåg (Utdanningsforbundet)

Hovudverneombod: Hege Nygjerde Sætre (Ulstein). Representerer alle kommunane

Prosjektleiing: Lars Erling Bjåstad Hovlid

Møteleiar: Stian Skorgen Scheide
Referent: Erling Olav Storegjerde

Forfall
Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy), Unny Iren Haugen (Sande), Hanne Notøy (Ulstein), Lisa Mari Breivik Andreson (Ulstein) og Julianne Auberg Hauge (prosjektleiing)

Sakliste

Sak 1: Oppdateringar og status sidan sist

I Herøy er formannskapet orienterte om den tverrpolitiske styringsgruppa sitt arbeid fram til no. Kommunestyret vil få ei formell innkalling til fellesmøte på Breidablik 24. september. Politikarane er også oppmoda til å melde seg på Demokratikonferansen i Ulsteinvik.
I Sande og Ulstein vil formannskapa bli orienterte om den tverrpolitiske styringsgruppa sitt arbeid.

Sak 2: Status for utgreiingsarbeidet i regi av Telemarksforsking

Telemarkforsking skal levere sin rapport 23. september, og det er gitt ein frist på innspel til 15. september. Kommunane blir bedt om å gje innspela til prosjektleiinga, som vil bringe dei vidare til Telemarkforsking.

Sak 3: Lanseringsmøte på Breidablik 24. September

Plan for møte:
Først vil det vere eit felles kommunestyremøte, der det vert ei sak på møteplanen: Telemarkforsking sin presentasjon av rapporten.
Kommunestyra får anledning til å stille spørsmål til presentasjonen, før kommunestyremøtet vert avslutta før publikum får anledning til å stille spørsmål til presentasjonen. Presentasjonen i kommunestyremøtet vert strøyma på nett.
Prosjektleiinga vert ordstyrar når det vert opna for spørsmål frå publikum.

Sak 4: Politisk sak om å gå vidare til fase 2

- Kommunedirektørane skriv politisk sak og kjem med sine tilrådingar når rapporten frå Telemarkforsking ligg føre.
- Dei tre kommunane skal handsame den politiske saka i kommunestyremøta sine i løpet av oktober.
- Den politiske saka skal vurdere om kommunane skal gå vidare til fase 2, og innehalde forslag til framdriftsplan fram mot ei mogleg folkerøysting i mai 2027 og nærare innhald i fase 2.
- Styringsgruppa spelte inn at det bør vere fokus på statlege insentivordningar for kommunar som slår seg saman i den politiske saka til kommunestyra.

Sak 5: Kommunikasjonsplan

Styringsgruppa godkjende kommunikasjonsplanen slik den låg føre.
Det vert lansert ein eigen nettstad med informasjon om faktagrunnlaget og rapporten frå Telemarkforsking, og all relevant informasjon om prosessen i kommunane. Nettstaden vert lansert i samband med offentleggjeringa av Telemarkforsking sin rapport.

Sak 6: Innhald i fase 2

Prosjektleiar la fram forslag til konkretisering av innhaldet i fase 2, med følgjande hovudpunkt:

- Kommunikasjonsarbeid med formidling av hovudfunn frå utgreiing og høyringar.
- Felles politisk eigarskap. Koordinerte politiske møte mellom kommunane. Felles politisk verkstad for folkevalde i alle tre kommunane.
- Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring og opne møte.
- Medarbeidarmedverknad gjennom medarbeidarhøyring og involvering av tillitsvalde.
- Vurdering av behov for eventuelle tilleggsutgreiingar.

Styringsgruppa slutta seg til hovudpunkta. Det kom innspel om at omfanget den politisk verkstaden bør haldast på eit moderat nivå.

Sak 7: Tilleggsutgreiingar

Styringsgruppa ønsker ei supplerande vurdering om den samla økonomien i dei tre kommunane, og ei utgreiing om kva ei samanslåing kan få å seie for eigedomskatt.
Styringsgruppa vil også vurdere fleire tilleggsutgreiingar som supplement til Telemarkforsking sin rapport.

Sak 8: Møteplan vidare

Den tverrpolitiske styringsgruppa vil framover ha sine møte første onsdag i månaden. Desse vert lagt til formiddagen, mellom kl. 08.30-11.00.

Sak 9: Eventuelt

- Herøy, Sande og Ulstein bør, saman med Volda og Ørsta, sende ein invitasjon til Kommunal- og distriktsminister Bjørnar Selnes Skjæran (Ap) om å kome til Søre Sunnmøre for å bli orientert om prosessane og diskutere staten sine intensivordningar for kommunar som slår seg saman.
- Kvar kommune vil oppmode om at flest mogleg tek del på Demokratikonferansen i Ulsteinvik.
- Prosjektleiar informerte om at Unny Iren Haugen i forkant av møte kom med innspel om å revurdere framdriftsplanen. Dette var sak på førre møte. Styringsgruppa ønska ikkje å ta saka opp att, ettersom dette uansett bli handsama vidare i kommunestyra i kvar enkelt kommune.